



KINN KOMMUNE



SAMARBEID OM ETISK
KOMPETANSEHEVING

STATUSRAPPORT

2013- 2022

SYSTEMATISK ETIKKARBEID
KINN KOMMUNE OMSORGSTENESTA

Innhold

1.0 Utgangspunkt	4
2.0 Kvifor satse på etikk?.....	5
3.0 Organisering og gjennomføring.....	7
4.0 Suksessfaktorar	9
5.0 Utfordringar.....	10
6.0 Økonomi	11
7.0 Aktivitetsoversikt.....	12
2013	12
2014	13
2015	14
2016	18
2017	19
2018	21
2019	26
2020	33
2021	35
2022	36
8.0 Konklusjon	37
9.0 Kjelder.....	38

Etisk refleksjon starter alltid med bevisstgjøring!

Om bevisstgjøring av haldningar og verdier, menneskesyn og om vår rolle og om makt.

Det du er bevisst på, kan du gjøre noko med.

Det du ikkje er bevisst på, gjør noko med deg - ofte utan å vere klar over det.

1.0 Utgangspunkt

Tilsette i omsorgstenesta står dagleg overfor vanskelege etiske dilemma og problemstillingar. Flora kommune ønskja ein samstemd personalgruppe kor vanskelege problemstillingar skulle belyst både etisk og fagleg. Kommunen ønskja, ved å gjennomføre systematisk etisk refleksjon i avdelingar og tenester, at det ville vere med å sikre kvaliteten på tenestene til pasientar og brukarar.

Dette var utgangspunktet for at man hausten 2012 starta arbeidet med å søke omsorgstenesta inn i det nasjonale utviklingsprosjektet i regi av Kommunesektorens organisasjon (KS) «Samarbeid om etisk kompetanseheving». Målsettinga til prosjektet var å stimulere kommunane til å sette i gang tiltak for å heve kompetansen i etikk, og etablere møteplassar for etisk refleksjon i det daglege arbeidet i løpet av prosjektperioden (2007- 2015).

Som deltakar i prosjektet var målsettinga at kommunen skulle:

- 1) Etablere møteplassar for etisk refleksjon
- 2) Igangsette ein form for kompetanseheving i etikk for dei tilsette
- 3) Legge fram ein plan for etikksatsinga i kommunen. Prosjektplan for den kommunale etikksatsinga leverast prosjektleinga i Kommune KS, statusrapport leverast årleg, samt sluttrapport ved prosjektsslutt i kommunen

Flora kommune blei tatt opp i det nasjonale prosjektet til KS i pulje 6.

Prosjektet i Flora Kommune var forankra hos rådmann, kommunalsjef og i leiinga til omsorgstenesta i kommunen. Prosjektet er omtalt i kommunen sin handlingsplan sidan 2014.

I denne statusrapporten har vi summert opp aktivitetsoversikta i løpet av prosjektet frå år 2013-2020. Frå 2016 var det ikkje lenger eit prosjekt, men over i drift. Vi vel å fortsatt bruke prosjekt og prosjektleiar for den som driv etikkarbeidet. Frå 2020 vart Flora slått saman med Vågsøy kommune, til Kinn kommune. Vi vil vidare sei noko om korleis organiseringa og gjennomføring av etikkarbeidet. Det er også naturleg å seie noko om kvifor det er viktig å satse på etikk og kva suksessfaktorar som bør vere tilstade for å få i gang systematisk etisk refleksjon. Vi ønskjer også å belyse utfordringar som vi må forholde oss til for at etikkarbeidet vil vere implementert og velfungerande. Til slutt ein status over etikkarbeidet frå oppstart til no.

2.0 Kvifor satse på etikk?

Tilsette i omsorgstenesta står dagleg overfor vanskelege etiske dilemma og problemstillingar. Den viktigste beskyttelsen ligg i dei verdiar og haldningar omsorgsmiljøet og samfunnet elles har. Arbeidet med sårbare menneske krev etisk medvit og god dømmekraft. Dette er sentrale element innan ei rekke områder i st. meld nr. 29 "Morgendagens omsorg".

Å gjennomføre etisk refleksjon vil sikre betre kvalitet på tenestene til brukarane, viser evaluering av 13 deltakarkommunar i «Samarbeid om etisk kompetanseheving». Evalueringa er gjennomført av Universitetet i Agder i samarbeid med Utviklingssentrene for sykehjem og hjemmetjenester i Agder, og gjekk ut frå Senter for omsorgsforskning Sør.

Den etiske begrunnelsen for å satse på etikk i omsorgssektoren er at det fremjar god praksis. Etisk medvit og evne til å handtere vanskelege moralske dilemma er faglege ferdigheiter som bidreg til å styrke kvaliteten i omsorgssektoren. Når vi bruker etisk refleksjon i vårt daglege verke førar det først og fremst til bevisstgjerung og grunngjeving for val i vanskelege situasjonar. For å auke kvaliteten på vårt arbeid krev det bevisstgjerung og grunngjeving av praksis. Dermed vil den etiske samtalen og kvalitetsforbetring begge trekke i same retning- etisk refleksjon førar til bevisstgjerung av kva ein faktisk gjer, og til grunngjeving for val av handlingar, som til saman auker kvaliteten i omsorgen.

Velferdsteknologi er eit viktig element i forsøket på å finne nye løysingar på framtidens omsorgsutfordringar. Meir enn mange andre yrkesgrupper møter medarbeidarar i helse- og sosialtenestene kvar dag etiske dilemma eller valsituasjonar der dei opplever at dei må gå på akkord med verdiar, prinsipp og normer dei er forplikta på, uansett kva dei vel, og kvar det finst gode moralske innvendingar mot kvart einskild handlingsalternativ. Utfordringa blir å gjennomgå dei verdikonfliktar som ofte ligg i slike valsituasjonar og føreta avvegingar som grunnlag for praktisk handling. Slik er det også i spørsmålet om anvending av velferdsteknologi.

Fleire kommunar som driv systematisk etisk refleksjonsarbeid rapporterer om nedgang i sjukefråvær, og i ei masteroppgåve frå Birgit Aakre i Verdibasert ledelse, Diakonhjemmet høgskole, viser ho at det er grunn til å anta at systematisk etikkarbeid over tid, i kombinasjon med fagutvikling, kan vere av betydning for jobbnaerværet. Med det utgangspunktet er det all grunn til å tru at vi i Flora kommune ville kunne bruke etisk refleksjon som eit verkemiddel for å reduserer fråværet.

Vi ser også ei rekke andre gode grunnar til å satse på etikk, som vi ønskjer å oppnå ved etisk refleksjonsarbeid, er ein positiv verknad på arbeidsmiljø og eit auka nærvær. Det vil difor vere viktig å sette etikk i fokus og innlemme dette ned til det heilt konkrete arbeidet som til kvar tid føregår i avdelingar og tenester.

Når ein brukar etisk refleksjon på arbeidsplassane kan det stimulere til kreativitet i avdelingane og tenestene. Det handlar om å oppdage, tenke nytt og å finne alternative måtar å handle og samhandle på. I samband med omstrukturering i bu- og miljøtenesta i Flora kommune har etisk refleksjon vore eit godt verktøy å bruke for å finne alternative måtar å arbeide på. Omsorgstenesta vil alltid kreve at tilsette er endringsvillige og fleksible, etisk refleksjon vil då vere eit nyttig verktøy for å møte krava om endring/fleksibilitet. Dialog om etiske spørsmål kan bidra til å sikre felles forståing for beslutningar.

Etiske problemstillingar kan ofte dukke opp i samband med brukarane sin medverknad. Eksempel på dette kan vere at brukarane sine krav skaper meirarbeid, eller at brukarane sine ønsker går ut over felleskapet på avdelinga. Å auke merksemd rundt slike etiske problemstillingar i organisasjonen og øve på korleis dette kan handterast er viktig. Dette er med på å auke kommunane si forståing for og praksis innan brukarmedverknad. Vidare ser vi at å ta i bruk etisk refleksjon i dei årlege pårørandesamlingane også er nyttig.

Vi veit at ved å bruke etisk refleksjon systematisk kan det skape gode samarbeidsrelasjonar gjennom openheit, dialog og tryggleik i avdelingane om vanskelege tema, ulikt verdisyn og ulike haldningar. Etisk kvalitet i tenestene / avdelingane kan gi ein følelse av trivsel, meistring og meining.

Etisk refleksjon og verdibevissthet, betydning for kvalitet, trivsel og samhandling, ein evalueringsrapport frå 2018. Rapporten er tydeleg på viktigheita av etisk refleksjon.

Under ser du ei oppsummering av kor viktig dette er for leiarar.

Kort oppsummert evaluering av KS Nasjonale etikkarbeid, 2018

- Eit hovudintrykk frå datamaterialet er at ledere er relativt tydelig og tilstedeværande, men meir tilbakeholden når det gjeld å ta etikk og verdier opp til diskusjon
- Analysene viser at jo tydeligere lederne er, jo mindre uklarhet og konflikter er det på jobben. Slik kompetanse har også stor innvirkning på sentrale jobbtfredshetsfaktorer. Likså ser vi at kompetanse når det gjelder etikk, verdier og etisk refleksjon, tilfører lederen status, autoritet og handlekraft
- Etisk refleksjon bidrar til kvalitetsheving, bedre pasientsikkerhet, bedre pårørandesamarbeid, trygghet og åpenhet for andres kompetanse med meir

Kultur- og omdømmearbeid er viktig for å rekruttere og behalde kompetent personell. Mange søker i dag mot verksemder som har ein klar verdiprofil, og som satsar på etikk og verdier. Med høg etisk standard håpar vi det på sikt vil bli lettare å rekruttere kompetente medarbeidarar.

3.0 Organisering og gjennomføring

Etisk refleksjon må styrast. Det gjeld heilt uavhengig av metode, tiltak eller møteplass. Årsaka til dette er at ein heilt fri refleksjon utan samtaleleiar ofte endar som ein frustrasjonsdeling eller reine diskusjonar, der ofte berre dei talføre deltek. Erfaring viser at i dei fleste grupper vil det vere personar som er raske med å gi gode råd, ivrar etter å føreslå løysingar og kanskje til og med allereie på førehand veit kva som bør gjerast.

Etisk refleksjon gjeld ofte noko personleg. Det gjeld både for den som tar opp ei utfordring, og for gruppa, som gjerne representerer det kollegiale felleskapet på arbeidsplassen. Etske utfordringar kjem sjeldan åleine, men kan vekke kjensler og reaksjonar. Ein refleksjonsrettileiar må difor ha ein kompetanse i kommunikasjon, etikk og gruppeleing for å leie etisk refleksjon på ein god måte.

Prosjektileiar (vi kallar ansvarleg person for etikkarbeidet prosjektileiar, sjølv om det no er over i drift) for etikkprosjektet i Kinn kommune organiserer og inviterer inn rettileiarane til faste tider kvar 6. veke med møtetid på 90 minuttar. På desse møtene reflekterer vi over kva som fungerer/ og ikkje fungerer. Vi trenar på metoder i etisk refleksjon, gruppeleing, kommunikasjon og metoder. Dette er eit viktig fora for refleksjon og erfaringsutveksling mellom

etikkrettleiarane. I desse møta er det også fokus på forskning, tema og nye refleksjonsverktøy som kan nyttast i praksis. Fagleg oppdatering om forskning og prosjekt om etisk refleksjon.

Det gjerast ein oppdatering frå etikkrettleiarane om korleis etikkarbeidet gjennomførast rundt på avdelingane og i tenestene. Det blir tatt opp i gruppa problemstillingar som kan vere vanskelege og som kanskje hemmar etisk refleksjon i avdelinga/tenesta.

Vi deler erfaringar og gode løysingar som fremmer refleksjon på dei einskilde avdelingane. Kva for møteplassar som er i bruk hos dei tilsette i omsorgstenesta både på institusjon og i heimeteneste er opp til avdelinga og tenesta å bestemme. Det varierer frå personalmøter, avdelingsmøter, etikkafé/ lunsj og rettleiingsgrupper.

Å gå gjennom nye refleksjonsverktøy og ha ein refleksjon på korleis desse kan brukast på forskjellige avdelinger/tenester. Idear og tankar delast og vi kan vere kreative i saman.

Gjennomføre etisk refleksjon i gruppe der rettleiingsansvaret fordelast og gir rettleiing på rettleiing. Å vere på nettverkssamling kan vere ein motivasjon og halde fokus på arbeidet.

I etisk refleksjon har vi i utgangspunktet brukt Einar Aadlands 8-trinns modell med «sjekkliste for etisk refleksjon». Føremålet med refleksjonen bør takast omsyn til når metodar skal veljast: Om det t.d. er prosessen, det å skape meining rundt kjerneverdier eller begrep, eller om det er å belyse eit konkret etisk dilemma personalet står i. For å kunne velje metode, må ein ha kunnskap om fleire ulike metodar. Dette er eit suksesskriterium for å gi forståing for og gode erfaringar med etisk refleksjon som verktøy. Vi har erfart at for mange metodar skapar usikkerheit hos rettleiarane, og at det er best å kunne ein metode for så å ta i bruk fleire ved seinare høve. Vi har brukt forskjellige verktøy som er utvikla frå KS eller kommunar som har vore med i prosjektet.

KS nasjonalt har endra til 6-trinns modell og denne har Kinn kommune tatt i bruk.

<http://ks.no/fagomrader/helse-og-velferd/etisk-kompetanseheving/verktoy-metoder-og-fagmateriell/>

Ein gang i månaden er det nettverksmøte med kommunalsjef, pleie og omsorgssjef, avdelingsleiarar, fagleiarar og konsulentar. Der blir dei oppdatert om kva som til kvar tid skjer i etikkarbeidet og kor dei har moglegheit til å kome med innspel til prosjektleiar. Saker og tema som blir diskutert på nettverket t.d. informasjonssikkerheit blir brakt vidare til refleksjonsnettverket

slik at refleksjonsretteleiarane blir utfordra til å ta dette temaet opp som eit viktig tema å reflektere omkring i dei ulike avdelingane og tenestene. Administrative leiara og avdelingsleiarar får referat frå prosjektleiar sine samlingar med refleksjonsretteleiarar etter kvart møte.

Etter at det blei Kinn kommune med ein annan organisering blir det naturleg å samarbeide med kommunalsjef, tenesteleiarar og avdelingsleiarar.

4.0 Suksessfaktorar

Gjennom erfaringar vi har gjort i omsorgstenesta er det nokre faktorar som er viktige for at prosjektet skal implementerast grundig i drift. Dette er også faktorar som andre kommunar som var deltakarar i prosjektet melder som viktige.

Først og fremst er det viktig å ha en fast person med planlagt tid, og som heiar på og støtter rettleiarane i avdelingane. Denne personen har ein viktig rolle i og informere og oppdatere på nettverksmøta kvar 14. dag. (Pleie- og omsorgsleiar, avdelingsleiarane, fagleiarane, konsulentar osv.) om etikkprosjektet - kva som blir jobba med, korleis og kvifor. Dette inkluderer også å dele nyhende, forking og informasjon om nye refleksjonsverktøy som refleksjonsretteleiarar også får. Der har ein moglegheit til å ta diskusjonar og gjere avklaringar i høve til etikkarbeidet. Etikkarbeidet er forankra i leiinga og dette er særst viktige signal nedover. Det er viktig med avdelingsleiarane sitt engasjement og tilrettelegging for etikk på arbeidsplassane. For at etikken skal blomstre må det settast av tid, og det må arbeidast aktivt med å utarbeide mål og tiltak / handlingsplanar for gjennomføring på den einskilde arbeidsplass. Å halde fokus på etikkarbeidet – og ikkje la andre "meir presserande saker" kome i vegen. Eit støttande miljø som prioriterar deltaking i etisk refleksjon er avgjerende for å lukkast.

Refleksjonsretteleiarane har ein stor og viktig rolle med å lage gode møteplassar for etisk refleksjon, og for å sette i gang dette arbeidet på kvar einskilde arbeidsplass. Men det er ein føresetnad at rettleiarane er personar som er motiverte for oppgåva og har gode evner til å kommunisere. Nokre avelingar er store og treng gjerne å ha fleire ressurspersonar som kan samarbeide og legge plan for etikkarbeidet. Eit viktig arbeid er å følge opp og ha opplæring av etikkretteleiarane og ha eit velfungerande nettverk der ein kan dele erfaringar og trene i rolla som etikkretteleiar, som igjen bør ende i eit referat til leiinga etter samlingar.

5.0 Utfordringar

Den største utfordringa er å legge til rette for at tilsette i tenestene kan delta i systematisk etisk refleksjon. Manglande rammer som tid og økonomi spelar inn. Det viser seg også at eit viktig arbeid er å halde etikken varm rundt omkring i dei ulike avdelingane og tenestene. Det kan vere ei utfordring for dei tilsette å sjå at systematisk arbeid med etisk refleksjon på sikt vil spare dei for tid og krefter i høve til at dei blir tryggare på jobben, og får ein høgare kvalitet på tenesta dei gjer. Denne merksemda må leiarar på eininga jobbe kontinuerleg med framover.

Vi erfarer at mange moment må vere på plass for at dette skal etablerast som ein fast og systematisk del av drifta i dei ulike avdelingane og tenestene. For at etikk skal bli et samtaleemne og brukast som eit godt verktøy krevst det at dette er forankra i leiinga. Det krevst også at det finst eit engasjement både hos leiing, etikkrettleiar, men også ein open og nysgjerrig tilnærming frå personalet. Etikk må snakkast frem frå høgaste hald og det må dagleg haldast fokus på.

Etikkrettleiarane som skal vere ressurspersonar i avdelingane må ha gode evner til kommunikasjon, vere engasjerte og ikkje minst erfare at etisk refleksjon er eit nyttig verktøy i det daglege verke. Det er også viktig at ressurspersonane bør vere med i prosjektet på frivillig basis.

Opplæring av ressurspersonar er sentralt og ikkje minst er det viktig at dei opplever ein form for meistring i oppgåvene sine, og ikkje minst at dei ser nytteverdien i det dei legger ned i arbeidet i så tidleg som mogleg. Difor vil det å oppretthalde faste møtepunkt for rettleiarane vere viktig.

Å rettleie eiga avdeling er også ein utfordring. Å rettleie kollegaer kan vere vanskeleg og det er også ei utfordring å ikkje vere for deltagande i for stor skala i tema som ein sjølv kjenner på kroppen, utan å gå for langt ut av rettleiarrolla. Dette er ofte eit tema i etikkrettleiarnettverket.

Det har vore utfordringar i rettleiargruppa med utskifting av medlemmar. Sjukemeldingar, jobbskifte og ønskje om andre oppgåver har ført til at nye medlemmar har tatt plass og fått opplæring frå halvdagsseminaret. Dette er ressurskrevande i form at nye rettleiarar må kursast og lærast opp i etisk refleksjon og bruk av verktøy og metoder.

At omsorgstenesta har mange små bueiningar med få tilsette har til tider vore ein utfordring for å sette i gang refleksjon. Det er einingar der det er 1- 2 tilsette, og refleksjon må ofte leggjast til husmøter. Det er ofte 6 veker mellom kvar gong etisk refleksjon står på planen.

6.0 Økonomi

Det er gjennom heile prosjektperioden, og no som det er i drift, søkt om midlar frå Helsedirektoratet, NAV, KS og fylkesmannen. Vi har fått støtte fra samtlege aktørar. Vi har først og fremst brukt midlane til å sette fokus på etikk ved å arrangere to separate dagar med etikk med gode førelesarar kor alle dei kommunalt tilsette blei invitert til å delta. Dette har vore motiverande og satt meir fokus på etikk og dei positive effektane med etisk refleksjon.

Vidare er det viktig å kunne ta etikkrettteiarane ut av drift for å ha møtestader som motiverer og styrker deira viktige rolle. Men også for å kurse refleksjonsrettteiarane. Dette har gjort at det er blitt brukt midlar for utvikariering.

Det er brukt pengar til materiell som bøker, refleksjonsverktøy, kasser. Det er blitt arrangert dagar for alle i omsorgssektoren (og nokre fleire) med gode førelesarar og etikk i fokus.

Rettteiarane har også vore på 2-dagers kurs i metode samen med andre rettteiarar frå andre kommunar.



Inspirasjonsdag
Med fokus på etikk og kultur

Øyvind Kvalnes
Filosofen Øyvind Kvalnes har lang erfaring med å halde foredrag, seminar og kurs for norske organisasjonar innan emner som etikk og verdar, kommunikasjon og ledelse.

Audhild Mork
Rettteiar i endringsprosessar med hovudfokus på bedriftskulturens betydning. Einaste i Møre og Romsdal som driv opplæring innan LØFT - løysingsfokusert tilnærming til utvikling.

Målgruppe: Alle ansatte i kommunal sektor
Tid og stad: Onsdag 18.03.15 kl. 08:30 – 15:30
Flora Samfunnshus, kinosalen
Pris: 300 kr per deltakar

Det serverast enkel lunsj.

Bindande påmelding: Seinast 02.03. 2015 til: leni.klakegg@flora.kommune.no
Tenesteleiar meld på antall for si avdeling og vil bli fakturert ut i frå det.



Velkommen!



7.0 Aktivitetsoversikt

Januar 2013 var startskotet for prosjektet i Flora kommune, og Leni Klakegg var prosjektleder i denne perioden. Ho jobba då i omsorgstenesta i 80 prosent stilling og hadde 20 prosent i KS nasjonalt. Frå november 2013 overtok Hilde Solheim for Leni i 20 prosent stilling. Ho hadde kontrakt fram til årsskiftet 2015. Leni var tilbake i Flora kommune i 80 prosent stilling frå desember 2014 som konsulent.

Det har vore arbeidd systematisk med prosjektet frå staten i 2013. Vi gir ein oversikt på aktivitetar og innblikk i korleis det er jobba.

2013

I januar 2013 blei det arrangert "kick off"-dag, fagdag i etikk – "Hvordan kan etisk refleksjon heve kvaliteten i kommunal sektor" med filosof Einar Øverenget. Alle kommunalt tilsette i Flora kommune og tilsette fra Askvoll og Vågsøy kommune blei invitert til denne dagen med over 200 påmelde. Dagen blei etterfølgd av ein kursdag der alle refleksjonsrettlederane fekk ein opplæringsdag med tema "Hvordan lede refleksjonsgrupper" med prosjektleder frå KS som kursleder. Den første målgruppa var 5 avdelingar frå omsorgstenesta.



Etikk dag

"Hvordan kan etisk refleksjon heve kvaliteten i kommunal sektoren"

Kl. 09:00 – 15:30

Einar Øverenget
Filosof

Kort innledning av Prosjektmedarbeider fra KS Gry Caroline Aarnes om det nasjonale prosjektet "Samarbeid om etisk kompetansheving"

Målgruppe: Alle ansatte i kommunal sektor

Tid og sted: Torsdag 24.01.13
Flora Samfunnshus,
Kinosalen

Kurset gratis☺
Det blir servert enkel lunsj☺

Påmelding: Senest 10. januar 2013 til:
leni.klakegg@flora.kommune.no

Vennligst oppgi navn og arbeidssted ved påmelding.

Velkommen

Pulje 1:

- Heimetenesta i Havreneset
- Heimetenesta i Eikefjord
- Bu- og miljøteneste i Jacob Sandeveg 5/7, Von og Kinn
- Omsorgssenteret 1 og 2 etasje
- Avdelingsleiarar på institusjon, heimeteneste og Bu og Miljø og Dagavdelingen.

Alle avdelingsleiarane var med i planleggingsfasen og fekk samtidig vere deltakar i eiga gruppe for å delta i etisk refleksjon rettleia av konsulent. Det blir også gitt informasjon til alle tenester/ avdelingar som skal vere deltakande i prosjektet for å seie noko om etikk, etisk refleksjon og om etikkprosjektet generelt. Nettverk av refleksjonsrettleiarar blei oppretta, og 10 rettleiarar hadde faste og regelmessige møter. Desse rettleiarane møttes kvar 6. veke, i 90 minutters møter.

Leni hadde også faste refleksjonsmøter med avdelingsrettleiarar og tilsette ved dagavdelinga.

For å få midler til prosjektet blei det skrive søknadar til Helsedirektoratet, NAV, KS og Fylkesmannen for å få midlar til prosjektet. Dette har blitt gjort kvart år.

2014

Nettverket av refleksjonsrettleiarar blei oppretta og 10 rettleiarar hadde regelmessige møter. Desse rettleiarane møtte kvar 6. veke, i 90 minutters møter. For at avdelingane, rettleiarane og dei tilsette skulle ha materiell tilgjengeleg om etikk, fekk rettleiarane låne prosjektet si hovudbok "Etikkhåndboka" for kommunal- og omsorgstenester. Alle nye og etablerte etikkrettleiarar får utlevert mappe med verktøy og faglitteratur.

Alle avdelingane i omsorgstenesta har fått kvar sin etikk-kasse med KS sitt refleksjonsverktøy: kort, bilder, bøker og faglitteratur samlast på ein plass. For å sette fokus på etikk blir alle «Etske retningslinjer for sykepleiere og etske retningslinjen» frå Fagforbundet kopiert opp i A3 storleik, laminert og levert ut på arbeidsplassane.

April 2014 vart det gjennomført halvdagsseminar for nye rettleiarar, og rettleiarar som kom inn i nettverket på eit tidlegare stadium. Temaet "*Hvordan lede refleksjonsgruppe*", der fokus er å gi rettleiarar eit fagleg innblikk i etikk og metoder og praktisk gjennomføring av etisk refleksjon med rettleiing.

Etikkprosjektet lagar eigen julekalender som leggst inn i CosDoc, som er kommunen sitt digitale omsorgssystem, for tilsette. Der lagast det 24 luker som kan opnast dagleg med ulike tema for refleksjon.

For at alle tilsette skal få informasjon om etikk og prosjektet har konsulent ved fleire høve vore på postmøter, personalmøter og andre høve for å hjelpe i gang, informere og stimulere til etisk refleksjon, og på dei ulike avdelingar/tenester. Alle nyttilsette og ferievikarar får ein introduksjon i etikkprosjektet og om etikk generelt.

2015

Januar 2015 vart det gjennomført halvdagsseminar for nye rettleiarar, og rettleiarar som har kome inn i nettverket. Temaet "*Hvordan lede refleksjonsgruppe*" der fokus er å gi rettleiarar eit fagleg innblikk i etikk og metoder, og praktisk gjennomføring av etisk refleksjon med rettleiing. Alle tenester/avdelingar i prosjektet får informasjon om etikk, etisk refleksjon og om etikkprosjektet.

Mars 2015 blei det arrangert eit heildagsseminar "*Inspirasjonsdag- med fokus på etikk og kultur*" der alle kommunalt tilsette blei invitert. Førelasarar var filosofen Øyvind Kvalnes og Audhild Mork som er rettleiarar i endringsprosessar. Dette var også ein "kick-off"-dag for dei nye rettleiarane som kom inn i prosjektet i april 2015.

Som eit ekstra bidrag har konsulent hatt etisk refleksjon på avdelingar som treng ekstra hjelp til å kome i gang, eller har behov for ekstern hjelp til å ta tak i etiske dilemma. I tillegg har konsulent vore inne i ulike avdelingar der det har vore behov for hjelp i konflikthandtering.

I april 2015 er dei resterande 5 avdelingar frå omsorgstenesta som ikkje har vore implementert i prosjektet tidlegare i gang med 13 nye ferske etikkrettleiarar.

Pulje 2:

- Heimetenesta på Krokane
- Furuhaugane avdeling B og C
- Bu- og miljøteneste Skridsholgata
- Miljøhuset

April 2015 vart det gjennomført halvdagsseminar for nye rettleiarar, og rettleiarar som har kome inn i nettverket på eit tidlegare stadium. Temaet var "*Hvordan lede refleksjonsgruppe*". Det blei arrangert og gjennomført med eit

fokus på å gi rettleiarane eit fagleg innblikk i etikk og metodar og praktisk gjennomføring av etisk refleksjon med rettleiing.

Alle nytilsette og ferievikarar fekk informasjon om prosjektet og etikk generelt i 2014 og 2015. Praksis nær etisk refleksjon knyttar teori og praksis saman

Prosjektstatusrapport vert skrive og leverast årleg, og sluttrapport levert 15.06-2015. Prosjektet går over i drift.

Vi er no 22 rettleiarar som representerer alle tenester og avdelingar i omsorgstenesta. Desse rettleiarane møtast kvar 6. veke, i 90 minutters møter.

For å syte for at dei tilsette og leiarar er informert om kva som skjer i prosjektet omtalast aktivitetar som er i gang, eller skal starte i "Nyhetsbrevet" for omsorgstenesta.

For å auke kompetansen ytterlegare, og for å få samarbeid på tvers av kommunane, er tre refleksjonsrettleiarar på kurs om metoder og verktøy i september.

Frå januar 2013 til oktober 2015 har prosjektet bidratt til at alle tenester og avdelingar i omsorgstenesta har rettleiar, og er med i prosjektet.

Nettverket for rettleiarar er i gang med å etablere et verdiforum/kafé for tilsette i omsorgstenesta. Planen er at dette skal gjennomførast i månadsskiftet november/ desember. Dette skal vere frivillig og på kveldstid. Ønskje er at dette skal bli permanent.

FLORA KOMMUNE
OMSORGSTENESTA

VERDIKAFE

Flora kommune ved omsorgstenesta er med i KS etikkprosjekt og ynskjer å utvide etikksatsninga med å invitere deg til Verdikafe.

Verdikafe er tenkt som eit ope møte der ein innleiar til eit tema som vi saman kan ha ein dialog rundt.

Tema: **"Flora kommune sine etiske retningslinjer, kva betyr det for meg som tilsett"**

Innleiar: Norunn Stavø
Dato: Onsdag 04.04.18
Klokka: 17:30 – 19:00
Stad: Flora Omsorgssenter, Dagavdelinga

Alle er Velkomne

For å ha oversikt over den einskilde avdeling sitt arbeid med etikk skal alle refleksjonsrettleiarar ha ein plan/ målsetting for etikkaktivitetar på deira arbeidsplass frå nyttår.



Nettverk for rettleiarar er i gang med å planlegge og designe julekalender for 2. året på rad, som skal ligge inne på CosDoc. Dei får eit dilemma/ etisk utfordring å reflektere over kvar dag fram til jul.

12. Desember

Ein kollega formidlar rapporten på ein uverdig måte ved at ho seie at ein pasient har vore umogleg, håplaus eller vanskeleg. Korleis taklar du/ dykk det?



Ethisk kompetanseheving i Flens Kommune. Omsorgsteneste adventskalender 2015

Det er utarbeidd ein etikkplakat som skal vere synleg og tilgjengeleg på kvar einskilde arbeidsplass.

ETIKKPLAKATEN



☐ **Etisk refleksjon skal være ein naturleg del av vårt arbeid.**

- Vi bidreg til openheit og innsyn i vårt arbeid.
- Vi har ein høg etisk standard i vår virksomheit.
- Vi har rett til å ytre oss, også mot det som er kritikkverdig.
- Vi er lojale mot beslutningar og vedtak.
- Vi varetek teieplikta og er varsam med fortrulege opplysningar.
- Vi respekterer kvarandre og legg til rette for mangfold og inkludering.
- Vi er varsame når vi brukar informasjon og opptrer i sosiale medier.
- Vi takkar nei til gaver eller fordelar som kan påverke våre handlingar.
- Vi tek avstand frå korrupsjon og anna kriminalitet og handlar deretter.
- Vi meld frå om kritikkverdige forhold.



☐ **Har du eit dilemma?
Still deg følgjande spørsmål:**

- Er det tillate i fylgje lover og reglar.
- Er det nødvendig?
- Er det økonomisk fornuftig?
- Er det forsvarleg?
- Tåler det medias søkelys?
- Er eg komfortabel med dette?
- Er det i samsvar med våre interne reglar?
- Er det i samsvar med verdiane våre?



2016

Sidan prosjektmedarbeidar i 20 prosent ikkje lenger har stilling i etikkprosjektet, må ein ta omsyn til dette i den vidare jobben med etikk i omsorgstenesta. Konsulenten som jobbar 80 prosent i Flora kommune, fortset med å ha ansvaret for etikksatsinga i omsorgstenesta som ein del av si stilling.

Nettverk for etikkrettleiarane vert samla 16. mars til eit møte for å sjekke ut korleis dei driv etisk refleksjon i si avdeling, deretter har ein hatt to samlingar i haust der dei har fått trene på etisk refleksjon. Gode tilbakemeldingar på at dette er nyttig bruk av tida.

Etisk refleksjon ute i avdelingane fortset i ulik grad. Konsulent er inne og bistår der det trengs.

Nyhetsbrevet fortset med innslag frå etikkjobbinga.

Vi har arrangert to "Verdikafé" der alle tilsette i omsorgstenesta vart invitert. Godt frammøte med ca. 30 tilstade.

Tema

- "Humor og helse" ved Høgskulelektor Erling Nydal
- "I møte med menneske med demens – autonomi og andre etiske prinsipp" ved Høgskulelektor Toril Midtbø

Vidare har ein gjennomført etisk refleksjon med avdelingsleiarane ein gang i månaden.

15.september vart det arrangert fagdag i samarbeid med LEV VEL-prosjektet. Etikkrettleiarane var i målgruppa for deltaking. Her vart det utarbeidd hustavle som skal gjelde heile omsorgstenesta. Denne har vore ute til høyring hos alle tilsette, og skal i løpet av desember hengast opp i alle avdelingar.

Julekalender vert som i fjor lagt på CosDoc.

2017

Kontinuerlig opplæring av nye etikkrettleiarar etter behov. Etikkrettleiarnettverket møtast 4 gonger i året, nyttig møteplass for kunnskap og erfaringsdeling på kva som fungerer, og eventuelt ikkje fungerer. Fast på agendaen er at etikkrettleiarar trener på 8-trinsmodellen.

Etisk refleksjon med alle avdelingsleiarar er fast 6 gonger i året.

Verdikafé fast 2 gonger i året. Eit tema var "*Faglig godt, godt nok for pasienten*". Det var kommuneoverlegen som utfordra tilsette på dette temaet.

Tenesta ønskjer å ta med brukarar i etisk refleksjon. Dette er vi i gang med i bu- og miljøtjenesta.

Nyheitsbrevet blir utgitt 6 gonger i året, der har vi fast spalte om etikkarbeidet.

Flora kommune har kvart år ei samling for alle leiarane i kommunen. I 2017 var etisk refleksjon eit sentralt tema. Einar Aadland føreleste over temaet "*Etikk og etisk refleksjon kva er det godt for*".

Det vert også i år Julekalender i CosDoc, kommune sitt dokumentasjonssystem.

I 2017 søkte Flora kommune ved omsorgstenesta om KS sin etikkpris, og blei nominert. Det var ein god påskjøning for jobben som blir gjort innan etikk.



2018

Januar starta med opplæringsdag for alle etikkrettleiarar i omsorgstenesta. For nokre tilsette vart dette repetisjon, for dei nye vart det opplæring. Etikkrettleiarane fekk generell innføring i etikk og kvifor drive systematisk etisk refleksjon. I tillegg fikk dei øve mykje på diskursetisk metode

Her er nokre av etikkrettleiarane i full gang med refleksjon rundt eit dilemma ved hjelp av diskursetisk metode.



For at den systematiske etiske refleksjonen skal haldast levande må leiinga og den som driv etikksatsinga vere på kontinuerleg. Nettverkssamling for etikkrettleiarar er ein del av drifta, og er eit viktig forum nettopp for å ta i vare og halde fast på etikkrettleiarane. I tillegg er det eit godt møte for å øve på etisk refleksjonsmetode og dele erfaringar.

Etikkrettleiarane blir oppfordra til å ta med seg Nasjonale føringar inn i refleksjonen. Blant anna reflektere over innhaldet Meld.St 15 «Leve hele Livet», verdighetsgarantien, nasjonal strategi for kvalitetsforbetring i sosial- og helsetenesta, slik at tilsette blir meir bevisst på kva dette betyr for dei som skal yte omsorg i Flora kommune.

Vidare er den systematiske etikksatsinga ein naturleg del av Helse-, sosial- og omsorgsplanen for Flora kommune 2017 – 2020.

Flora kommune slår seg saman med Vågsøy kommune i 2020, dette har også vore ein naturleg del av refleksjonen. Både fordi tilsette er usikre på kva dette vil bety for brukarane, men også kva det vil bety av endring for dei som tilsett.

I mars deltok Flora kommune sin pleie- og omsorgssjef på KS' Etikk konferanse «Etikk, kvalitet og ledelse» og hadde innlegg om «Hva er vi stolt av i Flora kommune innen etikkarbeidet».

På Verdikafé 4. april inviterte vi kommunalsjef til å innleie til dialog rundt temaet "Flora kommune sine etiske retningslinjer, kva betyr det for meg som tilsett".

I haust utvida vi Verdikafe ved å invitere alle tilsette i Flora kommune og frivillige. Etter eit møte med kultursjefen flyttar vi Verdikaféen til Flora samfunnshus, biblioteket. Målet er å stimulere til at fleire enn omsorg skal starte systematiske etisk refleksjon. Utklipp frå lokalavisa Firdaposten.

gamal-høgtyske etniske nemninga angil, «angler», og gamal-høgtyske berath, «skinnande, berømt». Ingelin er eit kvinnenamn som består av ledda Inge, frå den norrøne guden Ing, og lin. Namnet kan vera bygd på kvinnenamn som byrjar med Inge-, som Ingeborg, og Iselin.

I dag heiter 349 norske menn Ingebrigt, medan 447 norske kvinner heiter Ingelin.

Ingvil er ein mest brukende forma. Andre stavemåtar er Ingvill/Yngvill og Ingvil/Yngvil.

Namna er avleidd frå norrønt Yngvildr, som er sett saman av Ing, frå det norrøne gudenamnet Inge eller Yngve, og hildr, som tyder 'strid'. Ein kan dermed tolka namnet som at det viser til ei krigarkvinne eller ei valkyrje. Inghild og Inga er tilknytte namn.

6232 norske kvinner heiter Ingvild, 890 Ingvill, medan 280 heiter Yngvild.

nye tilsette, eller skjer det noko spennande i nærmiljøet? Skriv til «Kystfolk», Firdaposten, boks 38, 6901 Florø. Det kostar ingenting å få nokre ord på trykk.

■ **Ønsker du ikkje dagen din i åremålspalta,** ring oss i god tid på førehand, tlf. 57 75 73 00.

Ønsker ein ke Send e-post: foto@firdap eller ring oss tlf. 57 75 73 Bilda vert tr glansa foto i A4-storleik

Verdikafé om musikk i eldreomsorga

FLORØ: Torsdag kveld inviterer omsorgstenesta til verdikafé på Samfunns- huset. Temaet er song og musikk i eldreomsorga

ARNE HJORTH JOHANSEN
arne.johansen@firdaposten.no

Audun Myskja er lege, spesialist i allmennmedisin, og har ein doktorgrad i korleis ein kan bruke musikkterapi i behandlinga av demente. Han har i mange år jobba for å få song og musikk inn som eit sjølvstøtt element i eldreomsorga, og har mottatt Den norske legeforings kvalitetspris for arbeidet sitt. Torsdag kjem han til samfunnshuset for å vere med på Verdikafé.

Opent for alle

Verdikafé er eit initiativ frå omsorgstenesta, og ein del av dei- ra etikkarbeid. Det er tenkt som eit ope møte der ein innleiar til eit tema som deltakarane kan ha ein dialog rundt. Torsdag kveld kjem altså Audun Myskja på besøk for å halde foredrag, og Leni Klakegg og Jorunn Bak-

ke Nydal innleiar til samtale om kva rolle song og musikk har, eller kan ha, i eldreomsorga. Klakegg har ansvaret for etikk- arbeidet i omsorgstenesta i Flo- ra kommune, medan Nydal er musikkterapeut.

Arrangementet er gratis, opent for alle, og er du interes- sert i musikk, pårørande, eller tilsett i kommunen er du hjær- teleg velkommen.

AUDUN MYSKJA: Kjem til Florø for å snakke om musikk i eldreomsorga. FOTO: ULRIKKE G. HARVESEN

FLO SAMFUNN KIN

LINA ØNSKER DU PÅ NEST. SÅ LENGE DET BLIR EN AV. JEG MÅ INNTENNE AT JEG KANSLIP UBLIGT. MEN SÅ KOM JO DEN SELV OM LUN VART NEI! HUN

På Verdikafeen på biblioteket kom det 80 personar. Dette er vi svært nøgd med.

Målet er brukarmedverknad i etisk refleksjon. For å nå dette målet ønskjer vi å bruke erfaringane frå bu- og miljøtenesta som har involvert brukarane i etisk refleksjon inn i etikkrettleiarnettverket. Vidare ta i bruk rollespel der vi kan øve på etisk refleksjon der ein tilsett er brukar. Dette fordi brukar og pårørande kan vere sårbare, og det kan vere krevjande for etikkrettleiaren å rettleie i slike situasjonar. For å trygge etikkrettleiaren kan rollespel vere ei god øving.

Omsorgstenesta har årleg pårørandesamlingar. Her blir pårørande i saman med sin brukar invitert til å kome med positive og negative opplevingar og eventuelle ønskjer om endring/forbetring. I staden for å diskutere kan ein reflektere og bruke etisk refleksjonsmetode for å i saman kome fram til kloke og gode avgjersler for brukar og pårørande. På Flora omsorgssenter har vi ein somatisk avdeling med 10 bebuarar. Tre av bebuarane og deira pårørande blir invitert til samtale i haust. I desse møta vil ein bruke etisk refleksjon for å kome fram til kva som er ein verdig kvardag for bebuaren.

Ansvarleg for etikkarbeidet har deltatt på pårørandesamlingar og informert om etikkarbeidet.

Omsorgstenesta har fokus på musikkbasert miljøbehandling. Dette ser vi også i samanheng med etisk refleksjon. Dei tilsette reflekterer over kven og korleis ein skal bruke musikkbasert miljøbehandling.

Etikk er fast på programmet når Flora kommune har to dagar med ferievikaropplæring.

Det vil også i år bli julekalender i kommunen sitt dokumentasjonssystem CosDoc.



Hustavla har tilsette sjølv laga, og er noko avdelingane tar opp og reflekterer over for å ikkje gløyme kva vi er einig om.

Dette er med på å ansvarleggjere den einskilde tilsett og minne kvarandre om korleis skal vi ha det på jobb.

Nyheitsbrevet kjem fortsatt ut 6 gonger i året og er viktig for å spreie etikkarbeidet. Det blir sendt ut internt i omsorgstenesta, men også til rådmannsnivå og politisk nivå.



Alle avdelingsleiarar er til månadssamtale med pleie- og omsorgssjef. Avdelingsleiarane må rapportere på korleis arbeidet med etisk refleksjon i avdelingane deira blir gjennomført og kor ofte.

Under nettverksmøtet ein gong i månaden med alle avdelingsleiarar, merkantile, pleie- og omsorgssjef og kommunalsjef er etikkarbeidet fast på agendaen.

I etikkrettleiarnettverket blei vi einige om at vi skulle søke KS sin etikkpris 2018.



Flora kommune blei nominert saman med Stavanger og Sandefjord kommune.

KS sin Nasjonale etikkpris 2018 gikk til Flora kommune. Veldig stas:-)



Fagjuryen si grunngjeving var:

Vinner av Etikkprisen 2018 Flora kommune

Fagjuryens begrunnelse:

Juryen mener at Flora kommunes etikkarbeid er svært solid og vellykket. Kommunens etikkarbeid har vært sterkt over tid, og det er eksepsjonelt godt forankret på alle nivåer i kommunen og i hele helse- og omsorgssektoren. Etikkarbeidet er systematisk og målrettet. I tillegg er det flere positive ting fagjuryen ønsker å fremheve spesielt. Det ene er tiltaket Verdikafé hvor alle tjenester inviteres til en felles arena for refleksjon og læring om etikk i praksis. Det andre er at tjenestene tar med brukerne inn i den etiske refleksjonen; det tredje at en bruker systematisk etisk refleksjon bredt ute i tjenestene før en søker tvangsvedtak og at etisk refleksjon brukes for å finne alternativ til medikamentell behandling. Juryen merker seg at kommunen ser etikkrefleksjon som et egnet virkemiddel for å realisere målsetninger i stortingsmeldingen «Leve hele livet» og ser viktige muligheter her. Juryen ser også veldig positivt på at etisk refleksjon i Flora kommune sees på som et sentralt redskap for at de ansatte skal se og møte brukerne ut fra et helhetlig perspektiv der brukernes interesser og ressurser alltid står i sentrum. Visjonen for etikkarbeidet er at etikk skal være en naturlig del av alt som gjøres i omsorgstjenesten, inkludert samarbeid, søknadsbehandling og brukerkontakt. Fagjuryen synes det virker som om Flora kommune har klart å realisere dette på en forbilledlig måte. Juryen anbefaler andre kommuner å se til Flora for å lære av deres etikkarbeid.

2019

Vi starta 2019 med å feire etikkprisen 2018 med alle etikkrettleiarane. Kake og dialog rundt kva vi skulle bruke pengane på. Konklusjonen vart ei «Etikkveke» i september.



I mars arrangerte etikknettverket ny Verdikafe, denne gongen med professor ved Senter for medisinsk etikk, Ullevål, Jan Helge Solbakk på biblioteket. Det kom 60 personar. Musikkskulen stod for det kulturelle innslaget.



Dagen etter Verdikaféen arrangerte vi fagdag «Leve Hele Livet». Denne fagdagen fokuserte på eitt av innsatsområda i meld.st.15 «aktivitet og fellesskap». Etikkarbeidet i omsorgstenesta ser vi i samanheng med Lev Vel, som er eit anna viktig satsingsområde i omsorgstenesta. Konferansen var for alle kommunane i Sogn og Fjordane.



Første uka i september gjennomførte vi etikkveka, som ein del av at Flora kommune ved omsorgstenesta fekk etikkprisen. I løpet av uka gjennomførte vi

20 NYHETER

Onsdag 17. august 2022

FINANSPOSTEN

Etikkvekt blir arrangert første uke i september

Stor tru på prosjektet

FLORIS i for vann
Flora kommune den
nasjonale etikkprisen.
Prisvinner blir del på
å lage «Etikkvekt»,
du er invitert.

Med utgangspunkt i Flora kommunes etikkvekt som

Det første steget i 2022. Flom kommune og alle de 21 kommunene som fikk planen i et positivt regjeringssaker i 2021. I tillegg er det også etikkvekt i kommunene som er i prosess med å utvikle en etikkvekt. Lene Kihlberg fikk derfor som sin utvalgte etikkvekt som i starten var et angrepsprosjekt for sin arbeidssaker. Et utvalgt til å utforske flere betingelser, institusjoner og bio- og miljøet i Flora kommune. Flom sendte han hvor sin etikkvekt i 2021. I tillegg, Kihlberg opplyste at den og de gode etikkvektene som er utvalgt.

Lære av feil

«Det er en viktig faktor som leder ut prisen, og den heng bare. Vi er veldig stolte og glade, men det er viktig å lære av feil,» sier Kihlberg.

At det har vært etikkvekt i alle kommuner, er det et viktig signal om at det er en viktig faktor som leder ut prisen, og den heng bare. Vi er veldig stolte og glade, men det er viktig å lære av feil,» sier Kihlberg.

Den nasjonale etikkprisen som Kihlberg har fått, er en viktig faktor som leder ut prisen, og den heng bare. Vi er veldig stolte og glade, men det er viktig å lære av feil,» sier Kihlberg.

ARBEID OM ETISK
ETANSEHEVING

Arbeid om etisk
anseheving er en
matisk satsing
på etanseheving

TRU PÅ ETISK Hver kommune har sine verdier i kommunen i etikkvekt siden 2012. Etikkvekt er en viktig faktor som leder ut prisen, og den heng bare. Vi er veldig stolte og glade, men det er viktig å lære av feil,» sier Kihlberg.

PHOTO: ARNE KJØRSTAD FORBERG

teknisk i etikk og økonomi til på å lage. Oppgave står på å utvikle etikkvekt, med utgangspunkt i Flora kommunes etikkvekt. Det er en viktig faktor som leder ut prisen, og den heng bare. Vi er veldig stolte og glade, men det er viktig å lære av feil,» sier Kihlberg.

Flora kommune har fått prisen for sin etikkvekt i 2021. I tillegg, Kihlberg opplyste at den og de gode etikkvektene som er utvalgt.

prosjekt og planarbeid

Gjer forklarer

For meg som standfærdig og etikkvekt er en viktig faktor som leder ut prisen, og den heng bare. Vi er veldig stolte og glade, men det er viktig å lære av feil,» sier Kihlberg.

«Det er en viktig faktor som leder ut prisen, og den heng bare. Vi er veldig stolte og glade, men det er viktig å lære av feil,» sier Kihlberg.

«Det er en viktig faktor som leder ut prisen, og den heng bare. Vi er veldig stolte og glade, men det er viktig å lære av feil,» sier Kihlberg.

«Det er en viktig faktor som leder ut prisen, og den heng bare. Vi er veldig stolte og glade, men det er viktig å lære av feil,» sier Kihlberg.

[illegible]

Side 28

Tur og refleksjon.....



Flora kommune – Omsorgstenesta

Tur og refleksjon.....



Flora kommune – Omsorgstenesta

Onsdag var det opplæring for nye og gamle etikkrettleiarar frå Flora og Vågsøy kommune, som blir nye Kinn kommune frå 2020. Det kom 35 tilsette, og det var professor ved Senter for medisinsk etikk ved Ullevål, Per Nordtvedt som hadde opplæringa. Same dag på kvelden var det Verdikafé med Per Nordtvedt. Det møtte 60 personar den kvelden.

Omsorgstenesta i Flora kommune
inviterer til Verdikafè.

*Verdikafè er ein del av omsorgstenesta sitt etikkarbeid.
 Verdikafè er tenkt som eit ope møte der ein innleiar til eit tema som vi saman
 kan ha ein refleksjon/dialog rundt.*

«Når helsepersonell krenker pasient og pårørende».



Per Norvædt er ein norsk anestesistykkeleiar, professor emeritus ved senter for medisinsk etikk ved
 Universitetet i Oslo, og sakprosaforfatter. Ved foredrag gjennom undervising, forskning og kunnskap om
 nærhetsetikk og prioriteringer i klinisk medisinsk og helsefaglig virksomhet.

Onsdag 4. september 2019

Kl. 18.00 – 19.30

Stad: Flora samfunnshus, biblioteket

Velkommen til foredrag, dialog, refleksjon og enkel servering.
 Er du frivillig, pårørende eller tilsett i kommunen er du hjerteleg
 velkommen.
 Fri entre.



ETIKK.TAKK

KONFERANSE 5.9.2019

STAD: Flora, Flora samfunnshus
 PRIS: 300,- Konferanse og servering
 Påmelding: [bookline \(www.flora.kommune.no\)](http://bookline.com/flora.kommune.no)
 Påmeldingsfrist 28. august

TORSdag 5. SEPTEMBER

Kl. 8.30 Registrering
 Kl. 9.00 Velkommen
 Kl. 9.15 "Dyder, plikter og rettigheter" -
 Sentrale verdier og prinsipper i møte
 med mennesker
 Per Norvædt, Professor i etikk, Senter
 for medisinsk etikk,
 Lunsj
 Kl. 11.30 Perspektiv på samtalen
 Kl. 12.15 Erling Nydal, Teolog, vallerder og
 foredragsholder.
 Kl. 13.00 Pause
 Kl. 13.10 "Vertskap - den menneskelige
 forskjell"
 Morten Torkelson, Leiar og foredragsholder i
 organisasjonen Vertskapet. (søt mer:
www.vertskapet.no)
 Kl. 15.20 Vel heim


Flora kommune inviterer til
 konferanse om tema etikk,
 verdier og kommunikasjon.

Dette er på bakgrunn av at
 Flora kommune i/7 omsorg
 vart tildelt KS sin nasjonale
 Etikpris 2018.

Neste dag avslutta vi veka med stor konferanse for alle tilsette i nye Kinn kommune. Det kom 135 tilsette.

Parallelt med desse arrangementa har vi gjennomført systematisk etisk refleksjon ute i avdelingane. Vi har gjennomført fire samlingar i etikkrettileiarnettverket. I tillegg har ein starta opp att etisk refleksjon for leiarar. Starta med ei gruppe for avdelingsleiarar og ei for tenesteleiarar, dette er inndelt etter den nye organiseringa i Kinn kommune.

I november deltok etikkansvarleg og etikkrettileiar Hilde Solheim og Anne Grethe Brandsøy på konferanse med "Leve Hele Livet og etikk" for kommunane i Sogn og Fjordane, for å dele sin erfaring med systematisk etisk refleksjon. Dosent emeritus ved VID vitskapeleg høgskule i Oslo, Einar Aaland med tema "etikk, verdier og dilemma". Det deltok 104 personar frå 9 kommunar.



Etikkansvarleg har deltatt i møte med leiarane i Vågsøy, for å kome i gong med systematisk etisk refleksjon i Vågsøy kommune. I tillegg til undervisning for tilsette i heimetenesta.

I desember lagar etikknettverket julekalender i CosDoc



Det siste oppdraget i 2019, var å delta på KS sin nasjonale etikkprisutdeling med innlegg om kva Flora kommune hadde gjennomført av tiltak etter å ha fått etikkprisen i 2018. Tilstade var eldre- og folkehelseminister, Sylvi Listhaug, styreleiar i KS, Gunn Marit Helgesen, fagjuryens formann Nils Røhne, ordførar i Stange kommune og mange fleire. Innlegget vart godt mottatt. Etikkprisen 2019 gjekk til Bærum kommune.

2020

Flora kommune er historie og vi har gått inn i Kinn kommune. Det betyr at vi skal samarbeide med tidlegare Vågsøy kommune, som no er ein del av Kinn kommune.

Vi starta året med å revidere refleksjonsreglane våre. Dette legg refleksjonsrettleiaren fram når dei skal gjennomføre etisk refleksjon.

Etisk refleksjon



Mål:

Etisk refleksjon gir eit nytt blikk, ei hjelp til å sjå klarare, sortere og forbedre. Det bidrar til auka evne til å identifisere, reflektere og handtere etisk vanskelege situasjonar.

Normer og reglar:

- Gruppa har teieplikt når det gjelder private tanker og følelsar som blir bringa opp i refleksjonen
- Vær tilstades mentalt
- Slå av mobilen
- Vis respekt for andres meiningar
- Gje rom for humor
- Rekk opp handa/gje signal når du vil seie noko



Etikkrettleiarnettverkssamlingar og systematisk etisk refleksjon i avdelingane og for leiargruppa, avdelingsleiarar og tenesteleiarar gikk som normalt fram til mars. Etter 12. mars vart Norge og Kinn kommune ramma av covid-19 viruset, og møteaktivitetar og moglegheit for å møtast i større grupper blei avlyst med bakgrunn i nasjonale myndigheiter sine retningslinjer.

Etikkansvarleg satte opp ein plan for sjølv å gå rundt i dei ulike avdelingane og gjennomføre etiske refleksjonar, i tillegg tilby lokal opplæring på metode etter behov i dei ulike avdelingane.

KS laga ein kalender i mai som belyste dilemma knytt til covid-19. Denne blei etikkrettleiarane oppfordra til å ta med tilbake til dei ulike avdelingane.

For å nytte tida godt, starta ein å tenke nytt om hausten. Det resulterte i eit eige rapporteringsskjema, som etikkrettleiar fyller inn i forkant av

nettverkssamlingane. Dette for å få ein oversikt over kva ein får til av etisk refleksjon i dei ulike avdelingane, og for å tenke gjennom om det er noko ein må endre på for å lukkast betre.

Etikkretteiarnettverket forset med 4 samlingar, men 2 av samlingane vart utvida frå 2 til 3 timer frå hausten 2020. Dette for å kunne ha fagleg innslag på dei utvida samlingane. Elles er det sentralt å øve på metode knytt til etisk refleksjon. KS har i vår/haust 2020 starta med etikkwebinar. Desse blir lagt tilgjengeleg for alle i etterkant. Desse etikkwebinarene har vi tatt fram på etikkretteiarnettverka som utgangspunkt for refleksjon og dialog

Etikkretteiar og etikkansvarleg frå Kinn kommune var med å underviste på Skei Hotell i august for andre kommunar med tema «Metode i etisk refleksjon».

Etikkansvarleg deltok i Måløy med undervisning for tilsette og dialog med tenesteleiar for å kome med innspel på gode tiltak for å få i gang systematisk etisk refleksjon som eit langvarig tiltak i tenesta. Det er oppretta ein etikkansvarlig stilling i Måløy.

KS lanserer i haust ein rettleiar knytt til 6-trinnsmodellen og ein rettleiar knytt til dilemma i covid-19. Dette vil etikkretteiarnettverket ta i bruk for å vidareutvikle kunnskap i metode.

Den nasjonale etikkprisen blei ikkje delt ut i år pga. covid-19. I staden blei det arrangert webinar der Kinn kommune deltok med innlegg om sitt etikkarbeid.

Gjennom året har ein forsøkt å knytte refleksjonen i tenesta opp mot «Leve hele livet». Kinn kommune fekk i november den nasjonale «Leve hele livet»-prisen.

Sjå artikkel på ks.no:

<https://www.ks.no/fagomrader/helse-og-omsorg/eldreomsorg/kinn-kommune-vant-leve-hele-livet-prisen/>

Sjå film fra Kinn kommune «Leve hele livet»:

<https://www.dropbox.com/s/pbdq5yp8tbjvuow/Ny%20versjon%20-%20Leve%20Heile%20livet%20.mp4?dl=0-->

Etikkretteiarnettverket avslutta også dette året med julekalender på CosDoc til glede for heile Kinn kommune.

2021

Innleia året med å delta på leiarmøte med alle leiarane i Kinn kommune, dette for å minne om arbeidet og den kontinuierlege forankringsprosessen.

Vidare inviterte ansvarleg for etikkarbeidet seg inn til Furuhaugane omsorgssenter for atter ein gong forsøke å få i gang systematisk etisk refleksjon. Dette har fortsatt ikkje lukkast, men håpar å kome i gong no som det er tilsett ny leiar frå oktober.

I februar fikk etikkarbeidet eiga nettside på Kinn kommune.
<https://kinn.kommune.no/lhl/tenester/om-oss/etisk-refleksjon/>

Smittesituasjonen i februar var slik at vi kunne starte med systematisk refleksjon for avdelingsleiarar og tenesteleiarar igjen. Fra hausten blei dette felles for dei to gruppene. Starta også opp igjen med etikkrettleiarnettverket.

Starta også opp med systematisk etisk refleksjon for leiarar i Måløy og etikkrettleiarnettverket.

Jobbar også med å sjå nasjonale tiltak i ein samanheng, og blant anna sjå «Leve hele livet» og etikk i ein samanheng, sjå lenke under:

<https://www.ks.no/regioner/ks-vest-norge/kan-ein-sja-leve-heile-livet-og-samarbeid-om-etisk-kompetanseheving-i-samanheng/>

Kinn kommune fekk «Leve hele livet»-prisen i 2020 og i samband med dette arrangerte etikksatsinga og «Lev Vel» ei felles veke i oktober. Eitt av arrangementa var Verdikafé både i Måløy og Florø, begge på biblioteket på dei ulike plassane.



Verdikafe plakat
Måløy rette versjon.

I oktober inviterte ansvarleg for etikkarbeidet alle tenesteleiarane og avdelingsleiarar til ein prat rundt arbeidet. Kva fungerer, og kva fungerer ikkje. Skal vi gjere endringar?

Etikknettverket lagar også i år digital julekalender i desember.

Ansvarleg for etikkarbeidet hadde også opplæring for tilsette på storkjøkkenet «Bordglede» som ynskjer å komme i gang med systematisk etisk refleksjon

2022

I år er etikkarbeidet i Florø 10 år! Kommunedirektøren omtalte dette i sitt fredagsbrev i mars.

Februar gjennomførte vi metodekurs i Florø for 16 nye etikkrettleiarar, og april var det i Måløy. Der vart det også gjennomført opplæring for tilsette på Kulatoppen. Som ein fin start på etikkarbeidet vart det bestilt kake 😊



«VERDIKAFÈ: måndag 28. mars kl. 19.00 er du velkommen til VERDIKAFÈ på Florø folkebiblioteket

TEMA: «Lyset frå fars ansikt» Tittelen er frå eigen bok med religion, filosofi, poesi og musikk som grunnlag, om sorgarbeid og det å miste gamle foreldre som døyr ein naturleg død. Forfattaren Professor Jan Inge Sørbo, brukar historia om den siste tida til sin eigen far som utgangspunkt for sine refleksjonar.

Same kveld var det Verdikafe i Måløy med Øystein Salhus, musikkterapeut.

«LUNSJFOREDRAG:

Ta lunsjen din på Havglytt aktivitetssenter tysdag 29. mars kl. 12.00 – 13.00 og få påfyll med eit lunsjforedrag med forfattar og professor Jan Inge Sørbo. Gratis kaffi. Temaet er: «Lys på mørke staden» - Tre perspektiv og tre språk: tilsett, pårørende og kunsten. Vi møter kvardagen utifrå ulike ståstader.»

Etikkrettleiarnettverket har gjennomført fire samlingar, der av ein av samlingane var med tema «makt og tvang», og kommuneadvokatane var tilstade. Dette vart ei felles samling for Florø og Måløy.

Avdeling psykisk helse og rus har fått opplæring i systematisk etisk refleksjon, og har starta med refleksjon.

Videre er det fleire avdelingar i helse og velferd som har etterspurt rettleiing etter vanskeleg og akutte situasjonar som tilsette har stått i. Då har ein nytta verktøy innan etisk refleksjon.

8.0 Konklusjon

Vi opplever eit ønskje om etisk refleksjon omkring på arbeidsplassane frå avdelingsleiarar og personell. Men det er stor grad av variasjon i korleis etisk refleksjon er kome i gang, og hyppigheita av refleksjonen i dei ulike avdelingane. Dette kan ha forskjellige årsaker som vi har peika på under avsnittet om utfordringar.

Vi opplever og erfarer at ting tar tid og det er difor viktig at vi no forset å ha fokus og engasjement rundt etikk.

Å vere refleksjonsrettleiar fordrar at ein har gode evner til å kommunisere. Hittil har avdelingsleiarane tatt ansvaret for å velje ut nokon til denne oppgåva, eller at nokon har meldt interesse. Det er avgjerande at det blir ein frivillig oppgåve og ikkje noko man er pålagt. Våre erfaringar er at ikkje alle rettleiarane fungerer optimalt på arbeidsplassane. Denne oppgåva krev støtte fra leiarane, engasjement og evne til å gjennomføre refleksjon på arbeidsplassane. Vi opplever at nokre rettleiarar er for usikre/utrygge fagleg for å gjennomføre rettleiing. Det krevst trening, og trening for å bli trygg i rolla si. Ofte blir tidsfaktoren brukt som ein forklaring på kvifor ein ikkje har fått i gang refleksjon. Men vi ser at det ofte også kan dreie seg om ei uvisse i rolla. Det er også ein utfordring å ta tak i situasjonar/dilemma som gjerne gjeld kollegaer man jobber tett på.

Nettverket av rettleiarar er på 22 personar. Vi har alltid trening på rettleiarrolla på agendaen når vi møtast, og man får rettleiing på rettleiing. Dette er ressurskrevjande, men viktig.

Det er ikkje utført konkrete målingar, men tilbakemeldingar frå arbeidsplassane viser at det opplevast at etikkarbeidet har gitt positive utslag på arbeidsmiljø og samhandling. Konkrete tilbakemeldingar viser også at etikkarbeidet har gitt auka kunnskap, bevisstgjerjing, auka fokus og meir kompetent praksis knytt til etisk refleksjon. Det blir fortløpande tatt opp kva som fungerer og ikkje fungerer.

For å få ein god etisk praksis er det viktig at det kontinuerleg blir arbeidd med å heve den etiske kompetansen blant dei tilsette og leiarane i tenestene. Dette krev fullt engasjement frå øvste leiing. Det må snakkast meir om etikk, det må argumenterast med etikk, og det må følgast tett opp rundt omkring på arbeidsplassane for at dette skal bli implementert og drivast systematisk.

Det naturleg å tenke at etikk ikkje er noko vi skal drive med ved siden av alt det andre vi gjer. Etikk ER i alt vi gjer. Det heile dreiar seg om å sjå på faglege og organisatoriske utfordringar med etikkbrillene på. Vidare må etikk vere ein naturleg del av fag- og kvalitetsarbeidet.

9.0 Kjelder

Professor Åshild Slettebø ved Universitet i Agder «Evalueringsprosjekt av etikkarbeid i Kommunen» i Aust og Vest-Agder, rapport og artikkel våren 2014

Eide, Tom, Einar Aadland((2012) *Etikkhåndboka*-For kommunenes helse- og Omsorgstjenester. Kommuneforlaget

Stortingsmelding 29 " Morgendagens Omsorg"

Stortingsmelding 15 «Leve hele Livet», en kvalitetsreform for eldre

Aakre, Marie Masteroppgave i "Verdibasert ledelse" Fra Diakonhjemmets Høgskole (2012)

Kirkhaug, Rudi(2018) Etisk refleksjon og verdibevissthet, betydning for kvalitet, trivsel og samhandling, evalueringsrapport.